

**REGLEMENT FOR LEIGE AV TORGPASSAR****1. Føremål**

Ulsteinvik sentrum skal vere eit sterkt lokalt og regionalt senter for handel, service og kultur, med ei triveleg og tenleg bykjerne. Ulstein kommune ser på aktivitetar, arrangement og på handel utanom fast utsalsstad som eit positivt verkemiddel for å nå denne målsettinga, i samspel med anna etablert næringsverksemd.

Dette reglementet gjeld for ulike arrangement, aktivitetar og handel på kommunal eigedom.

2. Torgplassar

I Ulstein kommune er følgjande områder godkjent for torghandel:

Kommunale areal	Formål
Område R: Ved rådhuset	Torghandel, stand og liknande. 5 plassar ca. 4,5x6 meter.
Område B: Ved Blåhuset	Festivalar og arrangement. 4–5 plassar etter avtale.
Område KA: Ved kulturallmenningen	Festivalar og arrangement. 5 plassar 8x6,2 meter.
Område KB: Parkeringsplassen ved kulturallmenningen	Festivalar og arrangement. 5 plassar 11x6,2 meter, og resten av parkeringsarealet.

3. Løyve

- 3.1. For å leige torgplass så må ein søkje elektronisk på Ulstein kommune sine heimesider. Prinsippet om «fyrstemann til mølla» gjeld.
- 3.2. Leigetakar kan tinge plass pr. måned, pr. veke eller pr. dag, og ein kan få løyve for inntil tre månadar om gongen.
- 3.3. Det skal vera ledig minimum ein torgplass til ordinær torghandel (ikkje mobil salsvogn plassert 24 timar).
- 3.4. Det er berre lov å nytte tildelt plass , sjølv om annan plass er ledig.
- 3.5. Løyve kan ikkje overdragast eller framleigast.
- 3.6. Frå 1. desember til 1. april er det ikkje mogleg å få leige torgplass på månadsbasis, men ein kan leige frå dag til dag. Dette er på grunn av utfordringar med brøyting av snø.
- 3.7. Det er ikkje høve til å søkje om å få disponere torg eller annan kommunal eigedom for å stengje andre aktørar ute.
- 3.8. Det må søkjast spesielt for leige av plass på 17. mai, og søknaden må som hovudregel setjast fram innan 1. mai.

3.9. Kommunedirektøren kan avgjere at arrangement, aktivitet og handel frå kommunal eigedom den 17. mai skal vere prioritert, eller avgrensa til frivillige og allmennyttige institusjonar og organisasjonar.

3.10. Ansvarleg søkjar må vere myndig, ha gyldig ansvarsforsikring, ha naudsynte løyver og ikkje ha uteståande krav.

3.10 Ulstein kommune kan til ei kvar tid gjere endringar i, eller trekkje tilbake løyve.

3.11 Sal av mat utover ordinær opningstid, krev særskilt løyve.

4. Reglar ved bruk av kommunal eigedom

4.1 Leigetakar pliktar å sjå til at arrangement, aktivitetar og handel frå kommunal eigedom skal skje etter gjeldande lovar og forskrifter.

4.2 Tildelt plass som ikkje er teke i bruk før klokka 11.00 den dagen handelen skal gå føre seg, kan tildelast andre.

4.3 Det er ikkje tillate å marknadsføre eller selje:

- våpen, våpenkopiar, eller anna valdsrelatert utstyr
- utstyr til bruk av ulovlege rusmiddel
- heliumsballongar.

5. Leige

5.1 Leige vert fastsett av kommunedirektøren.

5.2 For festivalar og arrangement vert leigesum fastsett særskilt, jf. punkt 8.2.

5.3 Frivillige og allmennyttige institusjonar, lag og organisasjonar får nytte torgplassane vederlagsfritt.

5.4 Leiga vert ikkje tilbakebetalt dersom tildelt plass ikkje vert nytta.

5.5 Betaling skjer etter faktura.

6. Tidspunkt for torghandel

6.1 Handel skal skje i tidsrommet:

<i>Måndag til laurdag:</i>	<i>frå kl. 08.00 til kl. 22.00</i>
<i>1. mai og 17. mai:</i>	<i>frå kl. 08.00 til kl. 22.00.</i>
<i>Påske-, pinse-, jule- og nyttårsaftan:</i>	<i>frå kl. 08.00 til kl. 15.00</i>
<i>Søndagar og andre offentlege helgedagar:</i>	<i>frå kl. 13.00 til kl. 20.00</i>

6.2 I særlege høve kan kommunedirektøren endre tidsrommet for handel.

7. Reinhold og orden

- 7.1 Leigetakar skal halde plassen rein og ryddig og forlate plassen reingjort og fri for avfall.
- 7.2 Leigetakar skal sikre at telt og liknande vert forsvarleg oppsett.
- 7.3 Leigetakar skal sikre at telt/bod eller liknande er forsvarleg avstengt, og at grillar og anna eldsfarleg utstyr vert fjerna på ein forsvarleg måte.

8. Festivalar og liknande

- 8.1 I høve festivalar og liknande kan kommunal eigedom verte stilt til disposisjon for arrangørane, for framleige.
- 8.2 Arrangør har høve til å nytte andre leigesatsar enn dei som går fram av punkt 5.1.
- 8.3 Ved framleige pliktarrangør å gjere leigetakar kjend med dette reglementet, og skal sjå til at leigetakar overheld føresegnene i reglementet.

9. Sanksjonar og erstatning

- 9.1 Den som ikkje rettar seg etter dette reglementet kan visast vekk, og nektast leige av plass i framtida.
- 9.2 Leigetakar er økonomisk ansvarleg og erstatningspliktig dersom leigearealet eller tilstøytande areal vert påført skade. Det same gjeld ved skade på person.
- 9.3 Dersom kommunen pådreg seg kostnader som følgje av at leigetakar ikkje rettar seg etter dette reglementet, kan kommunen krevje kostnaden dekkja av leigetakar.

10. Mynde

Kommunedirektøren har mynde til å treffe avgjerder etter dette reglementet.